

Rabben følgjer opp kommune-vedtaket**06.02.2010**

Oppgradering av sanitæranlegget er eit viktig prosjekt på Rabben. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rabben Feriesenter følgjer no opp vedtaket i forvaltningskomiteen om å oppheva byggjestoppen.

Steinar Myklebust søker kommunen om å få starte opp att saka om tilbygg til sanitærbygget som det vart søkt om like før det midlertidige byggje- og deleforbodet vart innført.- I reguleringsføreseggnene skal det no vera mogeleg å gjennomføra dette tiltaket, skriv **Myklebust**.

Det var i september 2006 forvaltningskomiteen fatta vedtak om mellombels forbod mot deling og byggjing innanfor planområdet for ny igangsett reguleringsplan Turistanlegg-Uskedalen.

Det var to prosjekter som utløyste forbodet, som skulle gjelda inntil reguleringsplanen var godkjent.

Det eine var utvidingsplanen for sanitærbygget, som omfatta eit tilbygg for verkstad på 28 kvadratmeter og påbygg med 80 kvadratmeter og med hytteining i andre høgda. Dette bygget ville då verta 7,85 meter høgt.

Det andre prosjektet var ei 6 meter høg hytte i to etasjar ved vegen langs Uskedalselva.

Av Ola Matti Mathisen